



Kjartan Meyer
Rødshella 10
5244 FANA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/203 - 16/1575

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
20.01.2016

Tildeling av adresse - Skauvegen

Administrativt vedtak. Saknr:

Lindås kommune endrar adressesystem, og vi syner til vedlagte «Felles adresseforskrift for kommunane i region Nordhordland og Gulen» som klargjer m.a bakgrunnen for og utforming av adressesystemet.

Det er gjort vedtak i saka, jfr. tabell avslutningsvis i dette brevet. Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i matrikkellova og felles adresseforskrift for kommunane i region Nordhordland og Gulen, godkjent i Lindås kommunestyre 10. mars 2011.

Vedlagt følgjer eit kart som syner nummereringa av adressene i området. For eigedom med fleire adresser er det lagt til eit forklarande tillegg til den einskilde adressa.

Etter § 46 – punkt f i matrikkellova kan eigar klaga på tildeling av adresse; dvs. det kan klagast på kva veg ein har fått adressenummer til. Dertil kan det klagast på fastsettinga av sjølve nummeret. Det kan ikkje klagast på kommunen sitt val av adressenamn eller skrivemåten av namnet.

Skulle De ha spørsmål knytt til opplysningane om tildeling av adresse vert De beden om å kontakta sakshandsamaren.

Kontaktpersonar:

Avdelingsingeniør
Rådgjevar geodata

Liv Berit Ones
Harald Solheim

tlf 56375880
tlf 56375636



VEDTAK

Lindås kommune har i samsvar med gjeldane adresseforskrift for region Nordhordland og Gulen av 01.03.2011 gjort følgjande adressesetildeling:

GNR	BNR	VEGNAMN	TILDELT HUSNUMMER	BOKSTAV
46	15	Skauvegen	240	

Med helsing

Harald Solheim
Rådgjevar geodata

Liv Berit Ones
Avdelingsingeniør geodata

Vedlegg:

- 1 Kart med påført adressenummer
- 2 Adresseforskrift av 01.03.2011 – Nordhordland og Gulen - § 5 utforming og plassering av adresseskilt
- 3 Melding om rett til å klaga